



# FORTIDSMINNEFORENINGEN

Ryfylke lokallag

Christen Minos  
christenminos@hotmail.com

Sand 25.11.2020

## GARDSHUS OG LØE PÅ HAUKELI I FORSAND, SANDNES KOMMUNE. Gnr.33/1.

### NOTAT ETTER SYNFARING 23.11.2020.

Familien Minos har kjøpt garden Haukeli i Forsand og overtok for fire måneder siden. Garden ligg inst inne ved Haukeli vatnet, ved starten på stien «Lysefjorden rundt». Tunet består av gammalt gardshus frå tidleg 1800-talet, eit nyare gardshus frå 1985, løe, vedskjul, eldhus, smie og naust. Det var fleire husmannsplassar under garden. Her står bare tuftene att.

Målet er å ta vare på mest mulig av autentisiteten til garden og bygningane, og historia på garden. Her er det ønskje om å restaurera mest mulig av det som er dårlig, framfor å byta ut, og restaurere dei enkle glasa.

#### Det gamle gardshuset.

Gardshuset er samanbygd av to laftekasser med stover i framkant, og kammers bak. Laftet mot nord er sinklaft, medan stova (bua) mot sør er lafta plank. Mellom laftekassene er gang med trapp til lemnen, og kjøkken. Kjøkken har vedkomfyr med mantel over. I bakkant av kjøkken er eit nyare tilbygg med bad. Framfor hovuddøra er bislag.



Takkonstruksjonen er langsgående bjødnar med sperr over. Ståande over- og underliggende sutak. Taket er tekka med lappskifer. Huset har full kjellar bygd i naturstein og tetta i fugene med sement. Huset er kledd med dobbelfalsa kledning med staff. Noverande utsjånaden fekk huset etter ei modernisering i 1913. Laftekassa i plank kom truleg då. Huset fekk nye glas, to-rams glas med tre ruter i kvar rame (empireglas). I kammerset bak stova er det gamle glaset brukt opp att. Dette er to-rams glas der kvar rame er delt opp i åtte ruter (rokokkoglas). På lemnen er det satt inn to-rams glas med heile ruter. Alle glasa har profilerte lister med sveitserkneker under vannborda. Pipa er mura med teglstein opp til lemnen. Der i frå og opp er ho mura med leca som er pussa over tak. Alle innvendige vegger i 1.etasje har synleg tømmer, medan soveromma på lemnen er tapetsert. Golv og vegger har same farge på treet, og ser ut til å vera behandla med olje. Alle dører er originale frå ulike tidsperodar i bygningshistorikken.



## Tilstand og tiltak.

Tilstanden til gardshuset er i hovudsak god. Den store utfordringa er at det sig, og delvis renn inn vatn inn i kjellaren. Dette gjer at kjellaren og bjelkelaget såleis kontinuerleg er utsatt for fukt. Her må ein prioritera å få kontroll på tilsig frå terrenget bak, og leda vatnet vekk frå huset. Det må truleg gravast til såla, drenerast inn mot muren og etablera dreneringsrenner vekk frå huset både i nord og sør.

Inngongsdøra er både gissen og har rotna i nedre kanten. Denne må restaurerast. Vidare er det behov for å noko restaurering av glasa. Særleg gjeld det rokokkoglaset mot i kammerset. Her må det truleg skiftast ut noko treverk.

Enkelte kledningsbord bør skiftast. Då er det viktig at ein skifter likt mot likt, med same dimensjon og teknikk.

Golvborda i søndre del av huset er noko skada. Dersom ein vel å leggja nye golv, er det bra om desse blir lagt oppå dei gamle, så ein bevarer dei gamle som dokumentasjon.

Det hadde vore fint om ein kunne rekonstruera den gamle teglsteinspipa. Då må ein syta for at ein har nødvendige gamle foto som kan sei korleis ho har sett ut. Dette er inga hastesak.

## Løa.

Løa er ei samanbygning frå fleire periodar, med ny garasje satt inn til langveggen mot sør so siste tilskot. Den eldste delen av løa er ein tradisjonell stavkonstruksjon med tre reis, der stavane står på hansteinar i ein tørrsteinsmur. Sørveggen er stiva av med krossband og skråband som går frå stav til stavleggje. Andre stader i regionen er dette eit alderdommeleg trekk, men kan og spegla regionale dialektforskjellar. Kledninga er ståande over- og underliggande ukanta bord festa til neglinger. Nordveggen har vore reparert i nyare tid. Her er dei gamle avstivarane tatt vekk, og ein har sett opp nye stolper oppå nedste negling, og utanpå øvste negling. Vestre og nordre veggane er kledd me liggande sua kledning.



Det er frå gammalt satt opp hestar på slindrene som ber to langsgåande bjødnar. Sperra kvilar på bjødnane og ned på stavleggja. Liggande sutak. Taket er tekka med stålplater. Truleg har denne løa vore tekka med torv eller tegl. Gamle bildar eller muntlege kjelder vil kunne sei noko om dette.



Nordre del av lóa er ei høgløe, eller heiseløe, som ho og blei kalla. Ho blei satt opp i 1937 etter at eit uver hadde tatt den gamle lóa. Slike løer blei tatt i bruk i Rogaland utover 1900-talet. Dei to løenen er bunde saman med ei køyrebru. I denne delen av lóa er der ei frittstående fjøskasse, som har fungert som snikkarverkstad. Denne verkstaden er i dag heilt intakt slik siste eigar forlot han. Her er nokre nyere glas i fjøset med lause sprosser, og her er noko listverk og garnityr som neppe har vore her lenge. Slik lóa står i dag, med alle sine påbygg og ny bruk, har ho ei bygningshistorisk og kulturhistorisk verdi som ein kan velja å ta vare på.

### **Tilstand og tiltak.**

Tilstanden til den nyaste delen av lóa, høgløa, vurderast som bra. Den eldste delen, stavløa, har noko hell framover frå midterste reiset. Staven mot nordvest skrevar noko. Stavleggjene på begge sider er noko spinkle og kan vera satt inn seinare. Sutaket/troet er svært dårleg. Sperra ser greie ut, men her kan det skjula seg skadar i not og pen som ein ikkje ser før eit tar vekk tro og plater. Det er og bekymringsfullt at dei gamle avstivarane i langsida mot nord er fjerna. Me vil rå til at ein reetablerer avstivinga mot nord. Vidare må ein sjekka fundamentet/hansteinane for dei ytterste stavane. Sjølve stavane ser bra ut, men må sjekkast. Noverande taktekking og sutak må demonterast.

Stavleggjene frå midterste reiset på begge sider må skiftast til tilnærma same dimensjon som stavleggja frå midterste reiset til inste reiset, tilpassa stavøyrene. Eventuelle skada sperr må skiftast. Det leggst nytt sutak som det gamle. Når det gjeld tekking, er me noko usikre på om det er rett å legge lappskifer. Ville sjekka historikken her før ei avgjersle.

Haukeli er eit flott anlegg. Med eigarar som ser seg sjølv som forvaltarar av eit kulturhistorisk tun og ønskjer å vedlikehalde utan å skifta meir enn nødvendig, er dette eit prosjekt som kan lukkast.

Fortidsminneforeningen Ryfylke lokallag kan gi råd om det er ønskjeleg.

Lukke til med prosjektet.

Med helsing

leiar Grete Holmboe